

Representantskapsmøte Kommunearkivordninga i Vestland KO

Digitalt møte, fredag 7. mars kl. 09.00-09.30

Styret i Kommunearkivordninga kallar inn til eit ekstra representantskapsmøte 7. mars for å handsame ei sak om mogeleg deltaking i forsøkskommuneordninga om vertskommunesamarbeid mellom fylkeskommunen og kommunar. Dersom representantskapet stiller seg bak dette forslaget ønsker vi å få sett i gong prosessen så raskt som mogeleg slik at vi kjem i mål innanfor rammene vi har fått frå KDD. Dette er også grunnen til at vi ber representantskapet ta stilling til dette i eit ekstra møte i mars, i staden for å vente til april-møtet.

Saksliste

- 1. Oppstart, godkjenning av representantar**
- 2. Godkjenning av innkalling og saksliste**

Forslag til vedtak: Representantskapet godkjenner innkalling og saksliste

- 3. Val av møteleiar, referent og to personar til å skrive under protokollen**

Forslag til vedtak: Representantskapet vel Gunn Åmdal Mongstad som møteleiar, Sigrun Espe frå administrasjonen som referent og to representantar til å signere protokollen.

- 4. Søknad om å delta i forsøkskommuneordninga om vertskommunesamarbeid mellom fylkeskommunen og kommunar**

Sjå eige saksframlegg.

Forslag til vedtak:

1. Kommunearkivordninga i Vestland ønskjer å delta i forsøksordning om administrativt vertskommunesamarbeid på tvers av forvaltningsnivåa, med Vestland fylkeskommune som vertskommune, på fagområdet eldre og avslutta arkiv.
2. Vertskommunesamarbeidet skal i forsøksperioden erstatte det kommunale oppgåvefellesskapet, *Kommunearkivordninga i Vestland KO*, og den organisatoriske endringa vil ikkje endre dei økonomiske rammene eller tenestetilbodet til kommunane.
3. Kommunearkivordninga i Vestland stiller seg positive til å söke Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) om å delta i forsøkskommuneordninga i inntil fire år.